Forskrift om gebyr for lovfesta feiing og tilsyn med fyringsanlegg, Vest-Telemark. For kommunane Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje.

Heimel: Fastsett av …….. kommunestyre dd. mmmm 2026 med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28 og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17.

§ 1. *Formål*

Forskrifta har som formål å gje kommunen grunnlag for å dekkje utgifter ved gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav h. Tenesta skal prisast i tråd med sjølvkostprinsippet.

Forskrifta regulerer gebyrordninga for feiing og tilsyn med fyringsanlegg .

§ 2. *Verkeområde*

Forskrifta gjeld gebyr for behovsbasert tilsyn og feiing av alle fyringsanlegg som kommunen har ansvar for i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og forskrift om brannforebygging.

§ 3. *Definisjonar*

I denne forskrifta tyder:

a. ***Eigedom*:** Fast eigedom registrert med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til eigarseksjonslova vert rekna som sjølvstendig eigedom.
b. ***Eigar:*** Den som har grunnboksheimel til eit byggverk som inngår i feie- og tilsynsordninga.
c. ***Fyringsanlegg:*** Omn, sentralvarmekjele eller varmluftkjele der varme vert produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykrør og matesystem for brensel.
d. ***Matesystem:*** Anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.
e. ***Røykanal****:* Røykkanal omfattar heile kanalen for røykgass frå fyringseinheiten til utslepp i atmosfæra, og omfattar røykrør frå eldstad til skorstein. Skorstein er den vertikale delen av røykkanalen, og kan innehalde fleire vertikale røykkanalar.
f. ***Skorstein:*** Vertikal kanal av murverk, betong eller stål som ledar røykgass bort frå fyringsanlegget. Ein skorstein kan innehalde fleire røykkanalar.

§ 4. *Gebyr*

Årlege gebyrinntekter skal fullt ut dekkje inn kostnadar ved levering av tenestene denne forskrifta omhandlar, jamfør sjølvkostforskrifta § 8 første ledd første punktum. Dette hindrar likevel ikkje at kommunestyret for det enkelte år kan vedta at gebyrgrunnlaget skal utgjere ein mindre del av samla sjølvkost, jamfør sjølvkostforskrifta § 8 første ledd andre punktum.

Gebyra blir fastsett av kommunestyret og kjem fram av kommunens årlege budsjettvedtak. Kommunen kan differensiere gebyra ut frå den enkelte eigedoms behovsprøvde frekvens for høvesvis feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Gebyra og eventuell differensiering kjem fram av kommunens budsjettvedtak.

Gebyr krevjast inn frå eigar av eigedom med eitt eller fleire fyringsanlegg, uavhengig av om fyringsanlegga er i jamleg bruk eller ikkje. Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg krevjast inn per fyringsanlegg. Gebyr for feiing av røykkanal krevjast inn per fyringsanlegg. Gebyra krevjast inn årleg og er ikkje knytt opp mot tidspunkt for feiing eller tilsyn med fyringsanlegg.

Dersom det ikkje er køyrbar veg fram til eigedomen kan abonnenten belastast eit tillegg i det ordinære gebyret. Tillegget kjem fram av kommunens budsjettvedtak.

Særskilt gebyr kan krevjast i tilfelle der feiar / brannførebyggar etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje har fått tilfredsstillande adgang til fyringsanlegget, eller fordi eigar ikkje har vore til stade og / eller ikkje har lagt forholda til rette for adkomst. Tillegget kjem fram av kommunens budsjettvedtak.

Krav på gebyr etter brann- og eksplosjonsvernlova § 28 er tvangsgrunnlag for utlegg og krevjast inn av skatteoppkrevjaren etter reglene for innkrevjing av skatt.

§ 5. *Gebyrfritak*

Kommunen kan godkjenne skriftleg søknad om fritak frå gebyrplikt, dersom eigedomens fyringsanlegg er fråkopla og skorstein eller røykrør er blenda / plombert. Eigar pliktar å dokumentere at fråkopling og blending / plombering er tilfredsstillande utført.

Kommunen kan godkjenne skriftleg søknad frå eigar om fritak frå gebyrplikt, dersom eiendommens fyringsanlegg er gjeven fyringsforbud. Det stillast same forutsetningar som nemnd i fyrste ledd.

Før fritak blir innført kan feiar / brannførebyggar føre tilsyn med at premiss for gebyrfritak er gjennomført.

Kommunen kan krevje gebyr etterbetalt frå tidspunkt for innvilga gebyrfritak, dersom eigar ikkje melder i frå om at fyringsanlegg og skorstein igjen vert teke i bruk.

§ 6. *Klage*

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrifta rettast skriftleg til …… kommune, jamfør forvaltningslova § 28 andre ledd.

Sakshandsaming ved klage følgjer regelverk gjeve i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og forvaltningslova.

§ 7. *Handheving og sanksjonar*

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal finne stad i samsvar med kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova.

§ 8. *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta vert sett i kraft ……. Frå same tid opphevast tidlegare forskrifter om gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i ……. Kommune.